

Vår ref. 23/52254-24/155524

Saksbehandler Hilde Andersen

Dato 01.11.2024

## Referat fra møte i skoleutvalet 30.10.24

### Agenda:

- Om skoleutvalet. Roller, arbeidsoppgåver og konstituering
- Om skolen
- Om retten til eit trygt og godt skolemiljø
- Status politisk sak om tilbudsstruktur ute på høyring
- Kva ynskjer skoleutvalet å arbeide med?

### Om skoleutvalet. Roller, arbeidsoppgåver og konstituering

Alle skolar skal ha eit skoleutval. Skoleutvalet er eit rådgjevande organ som har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen. Utvalet skal planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skolereglar.

Utvalet skal vera samansett av 3-4 elevrepresentantar, 2 føresette, 1-2 samfunnskontaktar, 1 representant for dei tilsette og rektor. Utvalet skal ha minimum 3 møter per år, elevane kan be om fleire møter. Rektor har rett til å møte, tale og kome med framlegg.

Skoleutvalet skoleåret 24-25:

- 3-4 elevar: Elevrådsstyret (dei som får det til møter, får melding vi Teams): Leiar – Thor Alfred Lediard - 1ST, Nestleiar – Jonas Bolli – 1BA. Øvrige styremedlemmar: Andrea Lien 2HE, Maja Løvik 3ST, Simon Honnstad Iversen 3PB, Joel Sveberg 2AU, Lars H. Halle 1TP.
- 2 føresette, ein frå vg1-nivå og ein frå vg2-nivå (1 år): Rakel Polden og Anita Stavik
- 1-2 representantar frå det lokale samfunns- og næringsliv (vald for 2 år, begge inne i sitt siste år): Silje Storsand Ustad - HR-sjef Pipelife (vara frå organisasjonen) og Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal (vara frå organisasjonen)
- 1 representant for dei tilsette (vald for 2 år, er på siste året) Erik Erland Halle (vara frå organisasjonen)
- Representant for skoleeigar/fylkeskommunen: Hilde Andersen - rektor (vara: kristin Holten - ass. rektor)

*Rakel Polden vald til leiar av skoleutvalet.*

Møter gjennomførast i utgangspunktet i skoletida, slik når vi elevane. Helst fysiske møter, men deltaking via Teams er betre enn å ikkje delta. Meld frå om behov for møtegodtgjering.

### Om skolen

Skolen har 13 klassar fordelt på 5 utdanningstilbod: Helse- og oppvekstfag, elektro og datateknologi, bygg- og anleggsteknikk, teknologi- og industrifag og studiespesialisering. Samla har skolen plass til 241

elevar, per dato har vi fylt opp 203 av desse plassane. 160 av elevane er frå Surnadal kommune, 29 frå Rindal, 10 frå Heim og 4 frå andre kommunar. Inneverande skoleår har ikkje skolen vg2BUA (barne- og ungdomsarbeidarfaget), klassen vart ikkje starta pga for få elevar.

### **Om retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Eit viktig område å følgje opp for skoleutvalet er elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø. Dette presiserast spesielt, då skolen ikkje har eige skolemiljøutval frå og med inneverande skoleår.

### **Status politisk sak om tilbodsstruktur ute på høyring**

Rektor orienterte om politisk sak om tilbodsstruktur. I saka er vg2BUA (barne- og ungdomsarbeidarfag) foreslått lagt ned for Surnadal vgs. Skoleutvalet har tidlegare i haust sendt inn høyringssvar til saka. Saka skal behandlast i Kompetanse- og næringsutvalet 11. november.

Skolestruktur også løfta fram i saksdokumenta. I første runde er det for vår region forslag om nedlegging av Tingvoll vgs frå 1. august -25 (skal behandlast på Fylkesting i desember). Vidare er det varsla ei større strukturomlegging i 2025, med planlagt verknad frå 1. august -26. I saka er det også referert til Trøndelagsavtalen som snart skal reviderast. Følgande står om avtalen: «Avtalen sin framtidige status vil også vere ein viktig premiss å få avklart i samband med ny skolestruktur».

### **Kva ynskjer skoleutvalet å arbeide med?**

Vi drøfta kva utvalet ynskjer å arbeide med dette skoleåret:

- Skolemiljø – Best mogleg skole for elevane! Arbeide med konkrete tiltak for å betre elevmiljøet. Stikkord: Å høyre til, fokus på samarbeid, å løyse opp i faste grupper for å inkludere dei som ikkje er medlem i ei gruppe, fritid og skole, russetid, nærvær, utanforskap. Få ned mobbetala til null. Fysisk skolemiljø: Fleire knaggrekker, tak til mopedane.
- Sikre eit skoletilbod ved skolen. Stikkord: Tilpassa elevane sine ønsker og som møter samfunnsbehova. Arbeide for betre ressurstilgang til Surnadal vgs. Arbeide for at skolen bestå. Vidareføring av Trøndelagsavtalen.

Elles snakka vi om viktigheita av at dei ulike representantane i skoleutvalet arbeider godt mellom møta, sørger for informasjon og dialog i eigen organisasjon/eiga medlemsgruppe. I den samanhengen må det leggjast til rette for god informasjonsflyt. Framsnakk og god omtale om skolen vart og framheva.

### **Tiltak no først**

- Trøndelagsavtalen må prioriterast! Rakel, leiar av Skoleutvalet, tek initiativ til eit møte med ordførarane i Surnadal, Heim og Rindal for å orientere om situasjonen. Rektor deltek på møtet.
- Hilde undersøker korleis vi betra kan legge til rette for informasjonsflyt mellom skoleutvalet og dei gruppene medlemmane i utvalet representerer. I første rekke foreldregruppa.
- Set av eit eige møte til temaet skolemiljø.

01.11.24

Hilde Andersen

Rektor og referent